

God julebordspågang, og etterlyser serveringspersonale.

01.11.2016



Det nærmar seg eitt år sidan Oska starta opp, og dei gjer klart til ein ny julebordssesong.

Roy Lervåg i SmakifråOska kan mælda om svært god interesse for juleborda på restauranten på Sandakaien. Det synes han er svært kjekt! Fleire helgar er alt fullbooka. Med juleborda rett rundt hjørna treng SmakifråOska også ny servitør, og Lervåg håpar at det også skal vera god interesse for å jobba i restauranten.

Roy Lervåg fortel at det stort sett er helgejobb, men det vil også vera arbeid enkelte vekedagar. Dei som søker, må vera over 20 år. Dei må også vera serviceinnstilt og snakka nordisk og/eller eventuelt engelsk. Dersom ein har erfaring frå servering eller anna servicearbeid, vil det vera en fordel. Det er ingen øvre aldersgrense.

Lervåg lovar gode betingelsar, og dei som synes dette høyrest interessant ut, vert oppmoda til å ta kontakt og sende ein enkel søknad til rokokk@gmail.com.

Dersom nokon hjelper til med å finna den rette servitøren for Oska, lovar han til og med 'finnarløn'. Det er ein middagsinvitasjon så det burde frista nokon kvar.

Tekst, foro og nett: Thor Inge Døssland